

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule (kjøkenet), 8. august 2012, kl 19.25 – 22.00.

Til stades:

Frå bygdelaget: Sidsel Haugen, Gerd Ingeborg Haugen, Sigmund Eiken, Britt Heidi Selsvik, Ole-Gisle Vassel.

Frå barnehagestyret: Ingrid Stranden Haavik deltok i handsaming av sak 2 om barnehagen..

### **Sak 1, Godkjenning av innkalling referat etter styremøte 02.07.12.**

Ingen merknad til innkalling eller møtereferat.

### **Sak 2, Barnehage, referat frå møte med kommunen.**

Leiar i bygdelaget og styreleiar i barnehagen refererte frå møte med Jondal kommune og orienterte om stoda for barnehagen. Det vert arbeida vidare med sikte på å få opna barnehagen igjen.

### **Sak 3, Økonomirapportering frå Herand barnehage.**

Kasserar la fram rapport og orienterte om driftsresultatet pr utgangen av juli 2012.

Resultatet er positivt og ligg så langt innanfor ramma i årsbudsjettet. Vedteke årsbudsjett er berekna med eit mindre overskot.

### **Sak 4, Leigeinntekter til skulen.**

Saka er tidlegare handsama i styremøte 6. juni 2012.

Lag og organisasjonar i bygda vil verta tilskrive og invitert til eit informasjons- og diskusjonsmøte om leigesatsar for skulen. Styret tar sikte på å halde møtet 18. september 2012.

### **Sak 5, Eventuelt.**

- a) Styret ynskjer å setja opp ein "postkasse" på butikken for forslag, kommentarar o.a. til Herand Bygdelag. Skrivar avklarar dette med Sverre Haugen og set eventuelt opp kassen.
- b) Styreleiar set opp oversikt over planlagde styremøter på plakatkassen.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.